

Alpinistane i farta

Av dei vidaregåande skulane rundt om i fylket er det berre Standa vidaregåande skule som har ei linje som er spissa inn mot alpint.

FOKUS PÅ: IDRETTSGYMNAS

STRANDA. I nokre få kuldegrader og med sola stikkande opp bakom fjella, var det dukka for ein spennande dag med alpinistane ved Stranda vidaregåande skule. Vi skulle få vere med å sjå korleis dei trena, og få høyre meir om denne spennande, nyoppretta linja.

Den kom i gang etter initiativ frå eit samla skilmiljø i Møre og Romsdal. Målet er at Stranda skigymnas skal bli det beste skigymnaset i Noreg.

Godt tilrettelagt. - Linja vart bestemt for over tre år sidan. Dessverre fekk ikkje skulen den ønska trenaren på den tida. Men då eg slutta som trenar i Oppdal tok eg kontakt med dei som spurde om eg ville vere med her, og då begynte ballen å rulle, fortel Erik Skaslien, som er trenar for elevane.

- Kven er det som kan søke seg hit?

- Alle som vil kan søke seg hit, både av skiløparar frå andre fylke, og utøvarar i Møre og Romsdal. Det er for dei som kan

tenke seg å kombinere toppidrett med skulegong, noko som kan vere ei utfordring, seier han. Linja er godt tilrettelagt for elevane, då dei har både Overøye i Stordal og Fjellsætra i Sykkylven som variasjonsbakkar, samt at hovudbakken på Strandafjellet ikkje ligg så langt vekk.

- Kva er krava for å kome inn?
- Det er ikkje nokon spesielle krav, men det er kjekt om dei som søker er seriøse, og er villig til å ta i eit ekstra tak. No veit vi ikkje kor mange som kjem til å søke. Men vi treng ikkje vere den største, så lenge vi er dei beste, smiler Erik.

Skulen prøver å tilrettelegge linja slik at dei som ser for seg ei framtid innan alpint har ein mulighet til å gjere seg opp ei meining om dette er noko dei vil satse på vidare. Linja er 4-årig, noko som gjer at elevane har mykje tid til å trene, og samtidig få gjort skulearbeid.

Innspel. Jørgen Tøsse er 10.klassing, men han har fått trent med alpinlinja ei god stund. Dette er eit tilbod som blir gitt til fleire 94-modellar.

- Korleis høyrd du om linja?
- Det var noko som kom opp i skikretsen, at der var kome eit tilbud.

- Eg synes det er ein god måte å kombinere både skule og idrett på, og særleg fordi trenaren her er veldig god, fortel han.

Ein av dei som har gått på linja i snart eit år, trønderen Magnus Thorset, synes det er godt gjennomført.

- Det er ein god trenar, og eg er veldig gira på at det skal bli eit godt opplegg med skulen, seier han.

- Trenaren er veldig erfaren og har mykje kunnskap, fortel han vidare.

Sidan linja er så ny, er elevane



LAGT TIL RETTE. Erika Holand Tøsse er ein av elevane på alpinlinja ved Stranda vidaregåande skule, her i aksjon under ei treningsøkt på Strandafjellet i førre veke. Ho synes at forholda er lagt veldig godt til rette for dei på skulen.

med på å skape linja sjølv. Dei kjem med innspel om kva som kan gjerast betre, og kva som ein muligens kan forandre litt på. Erika Holand Tøsse går fyrste året og likar linja godt.

- Eg synes det kjekkaste med linja er at eg får stå på ski kvar dag, og at eg samtidig får tid til lekse og skule, smilar ho.

Så kva er då planane for framtida?

- Vi må berre prøve å få eit fotfeste i skilmiljøet og mellom politikarane. Sidan det er dyrt å drive ei slik linje, så er vi avhengig av velvilligheit når det gjeld økonomi, og godt samarbeid med skisentera rundt omkring, seier Skaslien.



STRANDAGJENGEN. Desse er elevar på alpinlinja på Stranda, frå venstre: Jørgen Tøsse, Magnus Thorset, trenar Erik Skaslien, Sunniva Torset, Erika Holand Tøsse og Vegard Busendal.

ASTRID STRØMMEGGERDE
VEGARD VÅGNES (FOTO)
ungsport@smp.no

FOKUS PÅ-FAKTA

Skule: Stranda Videregående skule
Linje: Skigymnas
Andre tilbod: Idrettsfag, studiespesialisering, helse- og sosialfag, restaurant- og matfag, teknikk og industriell produksjon